

Nord og Midthordland jordskifterett
Postboks 7316
5020 BERGEN

Sak 19-097727SKJ-JBER VÅGE

DEL 1 - Kommentar til konkret innhald i skjønnsbegjæringa frå Harris av 13.06.2019:

Fleire direkte feil i begjæringa:

I - «INNLEDNING», siste avsnitt:

«Det er for øvrig ukjent for Eikevik at det er gjort funn av fornminner i det aktuelle området slik Fanebust hevder».

Eikevik kjende svært godt til at det var gjort funn i *akkurat* dette området:

1. Han var fysisk tilstades då arkeologane frå fylket fekk påvist funnstadene under synfaring (2 mndr før Eikevik si sjølvtekt på området).
2. Opplysningane om funna var tilgjengelege på same nettside som ein veit E. må ha lese for å klare å finne «koordinatene» til den skålgropa han - eins ærend frå Åsane i regnver – bora sund med borehammar *like* før synfaring. «Kulturhistorisk fråsegn av 1.10.2018» om funna, som sa at Hdl Fylke skulle ha varsel før ev. graving på 99/1, låg også ute på denne sida.
3. Det er også godt kjend for Eikevik at Hdl. fylke dagen etter hans sjølvtekt var på staden og gjorde funn i *nettopp* den jorda Eikevik dagen før hadde stole frå 99/1. (Dette er jorda Eikevik beskriv som «topplaget» han har fjerna frå veggen, altså eit bevis på løgn).

II - «DOM FOR VEGRETT», siste avsnitt:

«Vegbredden på de siste 25 meterne var over 3 meter da veggen ble etablert i 1996. Selskapet Fanagro har avdekket opprinnelig steinsetting og konkludert med at vegens bredde var over 3 meter da den ble etablert».

Dette er grovt feil. Den delen av bilag 3 som gjeld dei siste 25 m tilkomstveg er eit direkte og reint *falsum* frå Fanagro.

Vegen var etablert som ein 2 meter brei moreneforsterka jordveg, og har aldri vore steinsett, altså to uriktige påstandar frå Fanagro.

Som dokumentasjon på 2 m bredde er det faktisk nok å vise til Fanagro sitt Fotovedlegg 7. Her visest to nyetablerte vegar på gbnr 99/1, laga i den same tidsperioden. Forutan den aktuelle 25 m tilkomstvegen til 99/4 kan vi sjå veg som, like over år 2000, er laga *forbi* 99/1 på nordsida - i samband med uttak av tømmer. Denne var 3 m brei og steinsett, førstnemnde var, som biletet bekreftar, ein 2 meter brei jordveg, og denne var aldri steinsett. Funksjonen til veggen var sporadisk fritidsbruk på 99/4.

III - «SKJØNNSSAKEN – NÆRMERE OM INNGREPET»

Her benevner Harris våningshuset på bnr 1 heilt feilaktig som eit «kårhus». Harris: «Den gamle innkjørselen til gnr 99 bnr 4 gikk lengre nord og helt opp under kårhuset til gnr 99 bnr 1». Dette er feil benevning, hovudbygningen på bnr 1 har *aldri* vore kårhus. Dette er hovudbygningen og eldste huset på Våge, med ein historikk på fleire hundre år. Som kuriositet kan nemnast at i 1882 held 1. kull av Lindås Amtskule til i andre etasje i denne bygningen.

BILAG 3 FRÅ FANAGRO

Først om Fanagro si rolle og deira truverdighet

Fanagro har gjennom heile denne saka opptredd som så partisk støttespelar for Eikevik at dei gong på gong har sett sanninga tilside, dette kan dokumenterast rikeleg og det har vorte gjort undervegs. Fanagro har gong på gong vorte tatt i å servere uriktig talmateriale og kalkulasjonar når dette er tenkt å skulle gagne Eikevik. For underteikna har det vore sterkt belastande å måtte bruke så mykje tid og krefter på å påvise og tilbakevise alle uriktigheter med tal og «fakta» som ein har møtt i sakspapir frå Fanagro ved alle korsvegar. Rikeleg dokumentasjon kan leggjast fram.

KOMMENTARAR TIL BILAG 3, Fanagro: «Rapport vei Våge 10.11.2018»:

Tilstede: «*E.H.F. var ikke inkalt, men kom etter kort tid og blandet seg inn i arbeidet vårt*». Som nysgjerrig grunneigar, då eg såg at det foregjeikk aktivitet inne i hagen min, gjorde eg berre det einkvar ansvarleg grunneigar ville ha gjort, prøvde å finne ut kva som foregjeikk. Sidan det var klart at eg var den einaste av dei frammøtte som visste korleis denne vegen var laga, prøvde eg å bringe inn fakta, men forgjeves. Eg vart kontant og bryskt avvist, eigentleg mobba vekk, og måtte berre gå frå staden. Fanagro hadde ein forutbestemt agenda dei skulle gjennomføre, fakta var uinteressant.

Bilag 3 om Alf Eikevik sin Arbeidsmetode:

Fanagro skriv: «*...har det tidligere vært synlig et kjørespor i det øverste jordlaget*». Feil, det har *alltid* vore godt synlege kjørespor her. Og vidare:

«*.... Nå har Alf Eikevik gravd av øverste jordlag for å avdekke hvor det tidligere kunne være steinsatt for vei*».

Det Fanagro omtaler som «arbeidsmetode» var *grov, ulovleg sjølvtekt*, utført med 18 tonns gravemaskin inne i 99/1 sin hage ulovleg medan ingen var heime. Han grov vekk og stal all jord på djupna frå den 25 m jordvegen + store mengder jord frå sidene. Han utvida dermed den 2 m breie vegen til 3-4 m. Sin dermed fritt *fabrikerte* veg fekk han så Fanagro til å «dokumentere» som «gammel, opprinnelig vei» og dikta inn ei steinsetting som aldri har eksistert. Sjølvteakta med tjuveri av jord vart politimeld, etter råd frå politi har 99/1 no gjenoppretta, sjå **VEDLEGG 1**. Ved gjenoppretting fekk ein ikkje minst verifisert *kor* mykje jord som verkeleg *var* stole frå 99/1, som var tilsvarande to lastebillass. Ein har måtta ta i bruk jord frå andre stader for å klare dette, sidan Eikevik har sett opp gravemaskina si som sperre for at 99/1 ikkje skal kunne ta jorda si tilbake.

Konklusjon «Bilag 3»:

Den delen av bilaget som gjeld 25 m tilkomstveg er eit *fabrikert falsum* og medfører ikkje riktighet verken når det gjeld «bredde opprinnelig vei» eller «steinsetting».

Fanagro skriv så om vegen frå Fylkesvegen, at «*dårlig vedlikehold på veien har gjort at veibredden i dag, pga gjengroing, er smalere enn opprinnelig*». Det er *feil* at veien er smal pga «*dårlig vedlikehold*», det er eit bevisst estetisk val at kantane har fått gro på vegskuldrene av den oppbygde veien. Pga at vegen ligg høgare enn terrenget har den heller ingen grøfter, eller bruk for dette.

BILAG 7

Her bereknar Fanagro kor mange m² som trengst for å utvide vegbana.

For dei 25 m tilkomstveg er berekningane her gjort ut frå Eikevik/Fanagro sitt *fabrikerte falsum*, som ein tar sterk avstand frå. Vegen er no tilbakeført til 2m meter bredde slik den var før Eikevik si ulovlege sjølvtekt, og slik den alltid har vore.

Berekningane er såleis ikkje korrekte frå Fanagro.

Den skisserte skjæringa tar ein vidare sterk avstand frå, då den ville ha påført ei utilbørleg, uoppretteleg og uakseptabel belastning på indre kulturlandskap, sjå eige avsnitt.

DEL 2 - KOMMENTARAR 99/1 MEINER HAR BETYDNING FOR SAKA

KULTURLANDSKAPET

Dei to tuna har utspring i *eitt* felles tun i begrensa tunområde på eit høgdedrag i landskapet. Delinga i to tun skjedd i ei tid med felles familie, felles gards-forståing og felles forståing av korleis ivareta landskapet. Difor kunne dei to tuna delast som det vart gjort, med ei *langsgåande* delelinje mellom husa, og bruk nr. 1 kunne trygt ha sitt hovud-utsyn mot sør og vest, altså *mot tunet på bnr 4*.

Kulturlandskapet på 99/1 er heilt avhengig av kulturlandskapet på 99/4 for å bli «heilt» tun, dette sidan 99/1 har hovud-utsynet mot sør og vest. Fram til Eikevik overtok har dette fungert godt, med felles forståing og ivaretaking av kulturlandskapet.

Eikevik har sidan han overtok både gitt *munleg* uttrykk for, og *vist*, at han ikkje har slike tankar, tvert imot. Aktivitet fram til no, saman med dei *omfattande* planar ein har sett, viser ein total mangel på hensyntaken til alt som gjeld ivaretaking av kulturlandskapet.

99/1 er no i den situasjon, pga delelinja på langs mellom dei to tuna, at tunet til 99/1 er totaldominert av og prisgitt det 99/4 Eikevik til eikvar tid måtte foreta seg. Hans gedigne gravemaskin, plassert midt i synsfeltet få meter frå huset på 99/1, har vore hovudutsyn for 99/1 i fleire år, saman med opne sår etter sjølvtekter. Å i tillegg skulle få 99/4 sitt dominerande veganlegg og 99/4 sin daglege trafikk gjennom hage og tun vil vere ei heilt urimeleg belastning. Og unødvendig.

Den sørlege delen av hage og tun er avgjerande for at bnr. 1 skal kunne oppretthalde eit *heilt* tun og eit fungerande kulturlandskap. Denne vesle innmarka/bøen er det *einaste* autentiske og historisk bevarte avtrykket av gammal bø på sjøve Våge. Ei uoppretteleg skjering og eit vegkryss/veganlegg fram til 99/4 gjennom denne delen av tunet vil vere utilbørleg, og uforenleg med ivaretaking av gammalt kulturlandskap, der det er gjort fornminne-funn heilt tilbake til steinalderen (jfr.

«Kulturminnefagleg fråsegn» av 1.10.2018, Hdl. Fylke). Sidan bnr.1 og bnr.4 deler dette tunområdet, er det svært sannsynleg at også bnr 4 vil ha slike spor.

Dette talar *igjen* for sørleg trase.

Eikevik har idag konsesjonsløyve på vilkår, eit *viktig* vilkår er å ivareta kulturlandskapet. Når det gjeld sørleg trase vil denne berre gå gjennom utmark, og kome direkte inn på bnr 4 sin planlagde parkeringsplass, jfr vedlegg 2.

Konklusjon:

Det er *kun* sørleg trase som ivaretar nødvendig hensyn til gammalt indre kulturlandskap i begge tuna.

OM VEG OG VEGRETT

99/4 har ingen *veg* idag, kun ein vegrett. Veggen har 99/1 åleine anlagt, 99/1 eig såleis både grunn og veglegeme i si heilheit. Samtlege anleggkostnader og vedlikehald fram til no har åleine vore bårne av 99/1.

Den siste som dreiv på bruk nr 4 døydde i 1968, han dreiv all sin dag kun med hest, hadde verken bil eller traktor. Det har ikkje budd fastbuande på bnr 4 etter at ny veg vart anlagt i 1972 (av 99/1), ingen munnleg avtale om utvida vegbruk er heller gjort. At 99/1 har *tålt* sporadisk trafikk medfører ikkje at 99/4 har erverva seg utvida rettar.

Bruk nr 4 har kun begrensa 2 m vegrett like frå Fylkesveg, 99/1 ville idag kunne stått fritt til å redusere eksisterande vegbreidd om dei hadde funne det praktisk eller tenleg.

EIKEVIK SIN TOTALT HENSYNSLAUSE PROFIL

Eikevik har frå dag ein vist gjennomført respektlaus og hensynslaus framferd.

- Han starta umiddelbart avgraving av fleire mål særprega og gammalt kulturlandskap på 99/4, tett inntil nabotunet (99/1), utan nabovarsel eller løyve. Starta opp ei storstilt nedskyting. Vart stoppa av kommunen, er pålagt å tilbakeføre landskap, enno ikkje gjort.
- I samband med skytearbeidet brukte han 99/1 sin hage til lagringsplass, og 99/1 si innmark freidig brukt til å transportere tung borelegg, til stor skade. Spurde aldri, unnskyldte seg aldri - berre gjorde som det passa han. 99/1 måtte i ettertid bruke ressursar og tid på å reparere/tilbakeføre det omfattande skadeverket på marka si.
- Han sette opp grensepinnar inne i 99/1 sin hage og tun, prøvde freidig å annektere 2 mål som han påsto var 99/4 sitt.
- Okkuperte 99/1 sin einaste parkeringsplass til arbeidsfolk lørdag etter lørdag, aldri spørsmål.
- Felte tre langs grensa og kappa store greiner langs vegen på 99/1 sin eigedom. Spurde aldri, berre *tok* alt han hadde felt.
- Begjekk si første sjølvtekt med gravemaskin inne i 99/1 sin hage like etter at Eikevik hadde kjøpt. Nekta å legge jorda tilbake på forespørsel, vart difor også den gong politimeld, måtte til Bergen i Konfliktrådet for å kunne ta den fråstolne jorda tilbake, dvs mykje tid og ressursar på å få reparert skaden.
- Han har hausten 2017 produsert og masse-distribuert eit grovt sjikanøst brev med ei rekkje usanne og grove påstandar mot underteikna og underteikna sin mann. Brevet vart sendt fleire offentlege etatar, i tillegg prøvde han å få lagt det ut på Lindås kommune si offentlege postliste. Ein måtte bruke mykje tid og ressursar på å kontakte alle mottakarar, og skrive brev med tilbakevising av alle usanne påstandar.
- Begjekk ny sjølvtekt oktober 2018, som forklart tidlegare. Politianmeld, og ein har måtta bruke mykje tid og ressursar på alle forholda kring dette, og å gjenopprette skaden.
- Har kasta gjenstand etter meg og trua meg på livet, også dette politianmeld.
- Har bede meg dra til «H.....» og hatt fleire sjikanøse verbale utfall.
- Den fråstolne jorda har ein enno ikkje fått tilbake, som forklart, sidan E. har brukt si gravemaskin som fysisk sperre.
- Det siste som har skjedd her er at Eikevik torsdag i forrige veke, dvs 25.07.2019, *med gravemaskin brukte den fråstolne jorda til planeringsmasse inne i sitt eige tun*. Dette er jord han veit han har stole, og jord han veit er av historisk og arkeologisk verdi for 99/1. Slik oppførsel fortel alt.

Eikevik som nabo har vore ei *ekstrem* belastning på grunn av hans totalt hensynslause framferd. Han kommuniserer dessutan berre gjennom advokat, det er også svært belastande. Han har også, heilt frå han kom til Våge, drive overvåking av 99/1 med bilettaking i forsøk på å skade, det kom fram i hans sjikanøse brev, sjå ovafor.

Eikevik sin manglande evne til å forstå kva tid han er til tilbørleg sjenanse, som vist over, saman med erfaringa av at han, når han finn det formålstenleg når som helst kan finne på å ta seg ulovleg tilrette med sjølvtekt i ei eller anna form, er ein sjølvstendig og sterk grunn for, og gjer det heilt nødvendig, at Eikevik sin veg *må* leggjast utanom 99/1 sitt tun. Ein har ved fleire høve kome heim til sterke sjokk-opplevingar, og kan ikkje ha ei framtid der ein alltid er redd for kva som kan ha skjedd i eige tun medan ein har vore borte.

EIN TIDSRIKTIG OG FRAMTIDSRETTA VEG FOR 99/4

99/4 sitt behov for tidsriktig og framtidsretta veg er ikkje noko 99/1 set seg imot. Det er ein slik tidsriktig og framtidsretta veg ein har skissert i sørleg trase, og i det framlegget til veg-avtale som er forelagt. Ingen kan idag spå kva trafikkbelastning ein veg til 99/4 vil få i framtida, men det er heilt avgjerande alt idag å *ta høgde for alle typar eventualitetar*. Svært realistisk er det idag å ta høgde for t.d. tømmer-transport (Eikevik har skogbruks-konsesjon), også ta høgde for fôr-transport, der det i så fall kan bli hyppig traktor-frekvens til/frå 99/4 gjennom heile somrar. Også framføring av store element til husbygging. I dag må ein kort og godt ta høgde for *alt*.

I dei første planane frå Fanagro var vegen teikna inn med 11 meters bredde inne i 99/1 sitt tun. Sjølv om Fanagro seinare har gått frå skanse til skanse og gått ned i bredde, er 99/1 nøydd å ta høgde for at det *eigentleg* er 11 m bredde ein meiner er framtidsretta. Og ein *veit* at det er muleg å kreve reforhandling etter servituttloven ved ev. endra behov. *Ein framtidsretta veg, dimensjonert for framtida sine eventualitetar, er uforenleg med at vegen går gjennom 99/1 sin hage, og dette er dessutan heilt unødvendig.*

Konklusjon: *Kun sørleg trase kan gje ein fullt ut tidsmessig og framtidsretta veg fram til 99/4 - utan å vere til utilbørleg og uoppretteleg skade på kulturlandskap eller fornminne, og til utilbørleg sjenanse for nabolun.*

Det går fram av skjønnsbegjæringa at ny veg er tiltenkt nybygg, sitat: « *Eikevik er derfor avhengig av å få utvidet vegen på den oppmerkede strekningen.....for å få føre opp nytt hus*». Ein må såleis forhalde seg til dei konkrete og store planane som ein har *sett* om eit nytt, sørleg tun, og som det til no er lagt inn store investeringar i, sjå **VEDLEGG 2**. Eikevik har anlagt eit kjempestort, ulovleg anleggsområde kring dette som skal bli det nye tunet, og kommunen har pålagt han å tilbakeføre ulovlegheitene i samband med at det sørlege, nye tunet vert anlagt. Dette er han forplikta til.

MINNELEG LØYSING - VEGAVTALE

Eikevik har alt for eitpar år sidan fått forelagt 99/1 sitt framlegg til veg-avtale for ny og sørleg trase. Traseen vil ha fin retning direkte mot garasjen/parkeringsplassen i 99/4 sitt arkitektteikna, nye tun, og bli 70 m kortare enn noverande trase. Vil spare innmarka og kulturlandskapet i begge dei to gamle tuna på Våge, og vere optimalt framtidsretta for 99/4.

Kun denne traseen vil medføre at 99/4 klarer å bevare viktig indre kulturlandskap, slik konsesjonen krev.

Ein framtids-dimensjonert veg til 99/4 kan ikkje gå gjennom indrefiletten i begge dei to gamle tuna på Våge, til uoppretteleg skade for begge.

Vedlagt ligg 99/1 sitt framlegg til veg-avtale mellom bnr. 1 og bnr 4, **VEDLEGG 3**.

99/1 påberopar seg Servituttloven § 5 når det gjeld retten til å få vegen flytta.

Med helsing

Elin H. Fanebust

elektronisk brev, difor utan underskrift